

Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF

**Godkjenning av årsrekneskap og
årsmelding, behandling av årleg
melding for 2010 m.m.**



PROTOKOLL FRA FORETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Onsdag 8. juni 2011 kl 9.30 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale, Einar Gerhardsens plass 3, Oslo.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2010 (jf. lov om helseforetak § 43, vedtekten § 7)
- Sak 4 Godkjenning av godtgjering til revisor (jf. lov om helseforetak § 44)
- Sak 5 Årleg melding 2010 (jf. lov om helseforetak § 34, vedtekten §§ 7 og 15)
- Sak 6 Endring av driftskredittramme for 2011
- Sak 7 Endring av instruks om forholdet til universitet og høgskolar (jf. vedtekten § 13)

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møtte

Helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen

Frå styret møtte

Styreleiar Oddvard Nilsen

Frå administrasjonen møtte

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Eigardirektør Ivar Eriksen

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Fagdirektør Baard-Christian Schem

Også til stades

Konst. ekspedisjonssjef Frode Myrvold
Ekspedisjonssjef Bjørn Erikstein
Avdelingsdirektør Mette Bakkeli

Underdirektør Astri Knapstad
Spesialrådgjevar Kristin Lossius

Riksrevisjonen var varska i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men møtte ikkje.

Vald revisor for Helse Vest RHF, Ernst & Young, var varska i samsvar med lov om helseforetak § 18 og møtte, representert ved statsautorisert revisor Nicolai Homme.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen ønsket, som øvste eigarmyndighet, velkommen. Ho spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovlig sett.

Styreleiar Oddvard Nilsen og Anne-Grete Strøm-Erichsen blei valde til å skrive under protokollen. Helse- og omsorgsministeren overlet møteleiinga til styreleiar Oddvard Nilsen.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsordenen. Det var ingen som hadde merknader til dagsordenen.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsordenen er godkjent.

Sak 3 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2010 (jf. lov om helseforetak § 43, vedtekten § 7)

I samsvar med lov om helseforetak § 43 og vedtekten § 7 vart årsrekneskapen og årsmeldinga til styret for 2010 lagt fram til godkjenning i føretaksmøtet. Helse Vest RHF gjorde greie for årsrekneskap og årsmelding for 2010 og for styret sitt vidare arbeid på dette området.

Statsautorisert revisor Nicolai Homme gjorde greie for revisjonsmeldinga for 2010.

Føretaksmøtet viste til at rekneskapen som er lagt fram, viser eit rekneskapsmessig overskot og eit positivt avvik til resultatkrav stilt i føretaksmøte i 2010 og 2011.

I føretaksmøtet 27. januar 2010 blei det fastsett følgjande resultatkrav for Helse Vest RHF for 2010: *"Føretaksgruppa i Helse Vest skal gå i økonomisk balanse i 2010."*

Samstundes blei det tatt følgjande etterhald: *"Det økonomiske opplegget for 2010 som er presentert i Prop. 1 S. (2009-2010), la til grunn at dei samla pensjonskostnadene ville bli på om lag same nivå som i 2009. Bereking av rekneskapsmessig pensjonskostnad for 2010 er under utarbeiding og det samla kostnadsnivået for dei regionale helseføretaka ligg derfor ikkje føre. Føretaksmøtet presiserte at dei regionale helseføretaka i utgangspunktet må handtere pensjonskostnader på linje med andre kostnader innanfor sine økonomiske rammer, jf. føringar gitt i St. prp. nr. 1 (2008-2009) og Prop. 1 S (2009-2010). Dersom det viser seg at det blir større endringar i kostnadsnivået i forhold til det som ble lagt til grunn i Prop. 1 S (2009-2010), vil det bli teke stilling til om det er grunnlag for forslag om endringar i løvingane til dei regionale helseføretaka."*

Som følgje av Stortinget sitt vedtak om oppfølging av pensjonsreforma gjennom lov av 25. juni 2010, vert pensjonskostnadene for 2010 for dei regionale helseføretaka reduserte med om lag 9,25 mrd. kroner. Dei rekneskapsmessige eingongseffektane vart først kjende hausten 2010. Gjennom Stortinget si behandling av Prop. 32 S (2010-2011) *Endringer i statsbudsjettet for 2010 under Helse- og omsorgsdepartementet* vart basisramma til dei regionale helseføretaka for 2010 på grunn av dette sett ned med 4,45 mrd. kroner, mens resten av reduksjonen i kostnader vert disponert til å styrke føretaka sin eigenkapital, svarande til 4,8 mrd. kroner. Dette svarar til det akkumulerte underskottet i føretaka som følgje av meirkostnadar til pensjon i perioden 2006 til 2008. Resultatkravet for 2010 vart derfor endra frå eit resultat i balanse til eit samla positivt resultat på 4,8 mrd. kroner.

I føretaksmøtet 28. januar 2011 vart difor resultatkravet for føretaksgruppa i Helse Vest endra til eit positivt resultat på 900 mill. kroner. Samstundes vart driftskreditramma til Helse Vest for 2010 auka med 840 mill. kroner frå 1 567 mill. kroner til 2 407 mill. kroner.

Årsrekneskapen for 2010 for føretaksgruppa Helse Vest viser eit positivt resultat på 1 335,7 mill. kroner. I resultatet inngår nedskriving av eigedelar med 55,8 mill. kroner og netto tap ved sal av eigedom på 17,7 mill. kroner. Vidare har Helse Vest handtert drift og investeringar innanfor fastsett ramme for driftskredit i 2010. Føretaksmøtet var særskilt godt nögd med at resultatkravet for 2010 er oppfylt og at det har vore ei kraftig forbetring av resultatet frå 2009. Føretaksmøtet merka seg vidare at dei økonomiske resultata så langt i år er positive, noko som bidrar til trygging for at resultatkrava også vert nådde for 2011.

Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest RHF arbeider aktivt for å sikre kontroll og oppfølging i heile organisasjonen.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner styret sin framlagde årsrekneskap og årsmelding for 2010.

Sak 4 Godkjenning av godtgjering til revisor (jf. lov om helseforetak § 44)

Godtgjeringa til revisor gjeld det arbeidet som etter lova er nødvendig for å utarbeide revisjonsmelding for 2010. Av føretaksgruppa sitt samla revisjonshonorar på kr 2 400 000 inkl. mva. utgjer honoraret for revisjon av Helse Vest RHF kr 231 000 inkl. mva. Reduksjonen frå 2009 på kr 7 000 for føretaksgruppa skuldast noko mindre arbeid med revisjonen i 2010.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner godtgjering på kr 2 400 000 inkl. mva. til ekstern revisor for lovpålagd revisjon av føretaksgruppa for 2010, medrekna godtgjering på kr 231 000 inkl. mva. for revisjon av Helse Vest RHF.

Sak 5 Årleg melding 2010 (jf. lov om helseforetak § 34, vedtekten §§ 7 og 15)

Lov om helseforetak § 34 pålegg dei regionale helseforetaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda. I vedtekten § 15 er det bestemt at det skal gå fram av den årlege meldinga etter § 34 i lov om helseforetak om pålegg og føresegn som er gitt i føretaksmøtet eller satt som vilkår knytt til løyvinga, er oppfylte. Vilkår knytt til løyvinga går fram av oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF for 2010.

Helse Vest RHF gjorde greie for årleg melding for 2010 og for styret sitt vidare arbeid på området.

Føretaksmøtet viste til årleg melding frå Helse Vest RHF for 2010 av 15. mars 2011 og supplerande informasjon av 5. mai 2011. Føretaksmøtet meinte at Helse Vest RHF har levert ei god årleg melding med detaljert tilbakemelding på styringskrava.

Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF har oppfylt sørge-for-ansvaret. Føretaksmøtet merka seg styret sin konklusjon om at helseforetaksgruppa i all hovudsak har følgt opp nasjonale satsingsområde og krav gitt i oppdragsdokument og føretaksmøte for 2010.

Føretaksmøtet merka seg arbeidet med pasientsikkerheit som har vore eit hovudtema i kvalitetssatsinga i Helse Vest RHF. Helse Vest RHF har innført avvikssystem i alle helseføretak, samt etablert og vidareført prosjektet "*læring fra uønskede hendelser*". Det er meldt at avdelinga for forsking og utvikling i Helse Vest RHF har rutinar for å følgje opp alle tilsyn frå Statens Helsetilsyn.

Føretaksmøtet merka seg at det er utfordringar knytt til indikatorar for kvalitet på pasientbehandling for 2010. Talet på epikrisar som er sendt ut innan sju dagar og tal for strykingar og korridorpasientar har vore stabile frå 2009 til 2010. Når det gjeld tiltak for å få ned talet på korridorpasientar, er det sett i verk ukentleg oppfølging av nokre helseforetak. Føretaksmøtet tok dette til etterretning og understreka behovet for å prioritere arbeidet med kvalitet.

Føretaksmøtet merka seg at tala frå NPR for 2010 viser at samla gjennomsnittleg ventetid i Helse Vest har auka i 2010 samanlikna med 2009. Gjennomsnittleg ventetid for behandling har auka innan psykisk helsevern for barn og unge og innan psykisk helsevern for vaksne, mens den har vært stabil innan tverrfaglig spesialisert rusbehandling. Føretaksmøtet peiker på at denne utviklinga ikkje er i tråd med gitte feringar. Føretaksmøtet registrerte at Helse Vest RHF har hatt eit eige ventetidsprosjekt for å redusere talet på fristbrot og ventetider. Prosjektet har hatt fokus på å etablere rutinar for handtering av tilvisingar, vurdering og oppfølging av pasientar for å sikre at nye fristbrot ikkje oppstår. Helse Vest RHF forventar at tiltaka som er innførte gjennom ventetidsprosjekta, vil føre til at ventetidene vil bli reduserte i tida framover. Føretaksmøtet presiserte at det i oppdragsdokumentet for 2011 er sett krav om gjennomsnittleg ventetid for ordinært avvikla pasientar ned mot 65 løpedagar ved utgangen ved 2011, og la til grunn at Helse Vest RHF innrettar drifta slik at dette målet vert nådd.

Føretaksmøtet merka seg at tal frå NPR viser at per 3. tertial 2010 er delen fristbrot innan somatiske fagområde 19 pst. for Helse Vest. Dette er noko høgare enn i same periode i 2009. Innan psykisk helsevern for vaksne, psykisk helsevern for barn og unge og tverrfaglig spesialisert rusbehandling er det ei positiv utvikling i delen fristbrot i 3. tertial 2010 samanlikna med same periode i 2009. Helse Vest RHF har i desember 2010 løyvd 10 mill. kroner til ekstraordinære tiltak for å kunne gi fristbrotspasientane eit tilbod når fristbrot har oppstått. Helse Vest RHF rekner med at fristbrot unntaksvis vil være til stades i løpet av våren 2011. Føretaksmøtet presiserte at det i oppdragsdokumentet for 2011 er sett krav om at fristbrot ikkje skal skje. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF innrettar drifta slik at målet vert nådd.

Føretaksmøtet viste til den negative utviklinga i sjukefråværet mot slutten i 2010, både målt i prosent og i dagar. Føretaksmøtet bad Helse Vest RHF om framleis å leggje vekt på tiltak for å redusere sjukefråværet, jf. IA-avtala 2010-2013.

Føretaksmøtet uttrykte tilfredsheit med det felles arbeidet dei regionale helseføretaka har sett i gang på områda etisk handel og miljøansvar. Det er eit kontinuerleg arbeid å ivareta samfunnsansvar. Sektoren har eit særleg ansvar på dette området, gitt dei store offentlege ressursane den er sett til å forvalte. Føretaksmøtet la til grunn at det framleis vert lagt vekt på dette arbeidet.

Føretaksmøtet viste til at utviklinga på dei nasjonale kvalitetsindikatorane var positiv, men at resultatmåla framleis ikkje er nådd. I oppdragsdokumentet for 2011 er krava knytt til kvalitet og pasientsikkerheit forsterka. Det er forventa at styret etterspør resultat innan kvalitet og

pasientsikkerheit for regionen og legg til rette for at arbeidet med å styrke kvalitet og pasientsikkerheit og å nå de nasjonale måla på området, blir prioritert. Styret skal spesielt følgje opp den nasjonale pasientsikkerheitskampanjen og dei resultata som vert oppnådd i regionen, og sikre at alle helseføretaka deltek og leverer data til sekretariatet for kampanjen.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet tar årlig melding med supplerande opplysningar frå Helse Vest RHF til etterretning.

Sak 6 Endring av driftskredittramme for 2011

Samla ramme for driftskreditt løyvd av Stortinget var 10 782 mill. kroner pr. januar 2011. Basert på anslag for pensjonskostnader og premier i saldert budsjett 2011 vart det i føretaksmøta i januar 2011 lagt til grunn ei samla nedjustering av ramma for driftskredittar på 550 mill. kroner til 10 232 mill. kroner innan utgangen av 2011.

I Prop. 120 S (2010-2011) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2011* er basisramma til dei regionale helseføretaka foreslått auka med 1 600 mill. kroner for å kompensere for auka pensjonskostnader. Anslaget for pensjonspremiar for inneverande år er ikkje endra. Med bakgrunn i dei nye anslaga for pensjonskostnader i nemnde proposisjon, skal driftskreditramma dermed bli redusert med ytterlegare 1 600 mill. kr, slik at samla nedjustering i 2011 blir 2 150 mill. kroner. Øvre ramme for driftskreditt ved utgangen av 2011 utgjer 8 632 mill. kroner.

Som følgje av dei endringane som nå er foreslått i basisløyvinga, vert styringskravet for 2011 om økonomisk balanse halde ved lag.

Helse Vest RHF fikk i føretaksmøtet i januar 2011 ei samla ramme for driftskreditt på 2 407 mill. kroner, med krav om ei nedjustering med 107 mill. kroner til 2 300 mill. kroner. Som følgje av forslaget i Prop. 120 S (2010-2011) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2011*, aukar Helse Vest sin del av samla nedjustering med 302 mill. kroner til 409 mill. kroner, slik at ramma for driftskreditt ved utgangen av 2011 vert sett til 1 998 mill. kroner.

Helse Vest RHF sin månadlege nedjustering i driftskreditramma vil som følgje av dette auke frå 8,9 mill. kroner til 59,2 mill. kroner frå og med juli 2011.

Føretaksmøtet vedtok:

Med etterhald om Stortinget sin behandling av Prop. 120 S (2010-2011) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2011, vert Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt ved utgangen av 2011 sett ned med 302 mill. kroner frå 2 300 mill. kr til 1 998 mill. kroner.

**Sak 7 Endring av instruks om forholdet til universitet og høgskolar
(jf. vedtekten § 13)**

I følgje vedtekten for dei regionale helseføretaka § 13 skal føretaksmøtet fastsette instruks om forholdet til universitet og høgskolar. Gjeldande instruks ble vedtatt i føretaksmøte i 2004.


Med bakgrunn i utførte og mulige framtidige endringar i universitetsstrukturen, er det behov for å gjøre mindre endringar i ordlyden knytt til punkt 7 i instruksen; "Samarbeidsorganene". Ordlyden i instruksen spesifiserer i dag universiteta i kvar helseregion. Føretaksmøtet foreslår at punkt 7 instruksen vert revidert til ein meir generell tilvising til universitet og høgskolar i regionen. Ny instruks om forholdet til universitet og høgskolar er lagt ved protokollen.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet vedtar revidert instruks til styret i Helse Vest RHF om forholdet til universitet og høgskolar.

Møtet vart heva kl. 10.30.

Oslo, 8. juni 2011



Anne-Grete Strøm-Erichsen



Oddvard Nilsen